

Retningslinjer for fritidskassa

Askvoll kommune

1 Innhald

1. Formål og omfang	1
2. Målgruppe	1
3. Kven kan søkje?	1
4. Reglar for utbetaling frå fritidskassa	1
5. Kva kan ein søke støtte til.....	2
6. Søknadsfrist	2
7. Søknadsprosedyre	2
8. Handsaming av søknader	2
9. Personvern:	2
10. Korleis skal ein få ut informasjon om fritidskassa	3

1. Formål og omfang

Føremålet med ordninga er å legge til rette for at alle born og unge får høve til deltaking og inkludering på viktige sosiale arenaer, som fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt og sosiale situasjon. Det er eit tiltak som skal vere med på å førebyggje og/eller dempe konsekvensar av fattigdom.

Den økonomiske ramma for ordninga vert handsama årleg i ordinær budsjetthandsaming.

2. Målgruppe

Målgruppa er born og unge i alderen 0 til og med 19 år som treng økonomisk støtte for å kunne delta i fritidsaktivitetar.

3. Kven kan søkje?

Fritidskassa er eit tilbod om økonomisk støtte til born og unge i **låginntektsfamiljar** med born og unge frå 0 -19 år. Det vert gjeve støtte til ein aktivitet pr. born i halvåret. Ein kan få støtte inntil 2500 kr pr. born i halvåret. Ein må søke for kvart halvår. Føresette, trenar eller andre ressurspersonar kan sende inn søknad på vegne av søkjar.

Bornet må ha bustadadresse i Askvoll kommune.

4. Reglar for utbetaling frå fritidskassa

- Fritidskassa kan dekke kostnader til deltaking i organiserte fritidsaktivitetar
- Fritidskassa er eit samarbeid mellom kommunen og frivilligheita
- Det er ei tillitsbasert ordning utan krav til dokumentasjon av privatøkonomi eller liknande

- d) Ein skal sørge for at fritidskassa vert organisert slik at målgruppa ikkje opplev den som stigmatiserende å bruke
- e) Ein skal ikkje betale pengar direkte til målgruppa.

5. Kva kan ein søke støtte til

Døme på kva ein kan søke støtte til:

- Medlemskontingent i ulike lag og organisasjonar
- Eigendel for turar, treningsleirar, deltaking på stemner og cup m.m.
- Kulturskuleavgift
- Trenings- og aktivitetsavgift
- Lisensar
- Utstyr til fritidsaktivitet

Lista er ikkje uttømmmande.

6. Søknadsfrist

Det er ingen søknadsfrist. Søknader vert handsama fortløpande, og ein kan vente svar seinast innan 2 veker.

7. Søknadsprosedyre

Søkjalar over 16, føresette, lag og organisasjonar og andre som jobbar med born / unge kan søkje på vegne av brukar. Når søknad kjem frå lag og organisasjonar vert det stilt krav til at organisasjonen må følgje opp brukaren for å sikre faktisk deltaking. Det kan innebere m.a. motivasjon, transport, fylgje, m.m.

Søknaden kan sendast inn på elektronisk skjema. Skjemaet er tilgjengeleg på www.askvoll.kommune.no under «skjema og sjølvbetening». Søknad kan òg sendast på e-post til postmottak@askvoll.kommune.no eller gjerast munnleg til tilsette i administrasjonen.

Søknaden skal innehalde informasjon om kven det blir søkt for og kva det blir søkt støtte til.

Tilskot vert betalt direkte til idrettslag, t.d. kontingent, betaling av faktura direkte, eller i nokre tilfelle refusjon av faktura, sistnemnde krev kvittering for betalt faktura. Ein gjev ikkje tilskot direkte til målgruppa.

Det vert ikkje stilt krav om dokumentasjon av søkjar sin økonomiske situasjon, ordninga er tillitsbasert.

8. Handsaming av søknader

Administrasjonen ved kommunedirektøren vurderer søknadane ut frå vedtekne retningslinjer, og gjev løyve om tilskot innanfor budsjetterte rammar.

Bruk av ordninga vert orientert halvårleg til komité for Oppvekst og kultur, utan personopplysning

9. Personvern

Søknaden vert handsama konfidensielt, og sletta når det ikkje lenger er bruk for den.

10. Korleis skal ein få ut informasjon om fritidskassa

Alle som er i kontakt med barn og unge, inkludert offentlege tenesteytarar og fritidsleiarar, skal jamleg gjerast kjende med tilbodet.

- Tilbodet skal gjerast kjent til alle føresette, barn og unge i kommunen, minst 2 gonger i året.
- Til lag og organisasjonar minst ein gong i året.
- Vere kontinuerleg synleg på kommunen si nettside
- Informerast om på skular og barnehagar – t.d. ranselpost

Askvoll, 15.01.2024

Kommunedirektør Martin K Lundgård.